

## **VURDERING AV MOTTEKE MERKNAD TIL FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDSAVFALL**

Forslag til ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunar i NGIR vart vedtatt lagt ut på høyring av formannskapet i møte den 11.03.2021. Høyringsfristen var seks veker.

I forkant av at saka vart lagt ut på høyring fekk Alver kommune ein merknader frå Kjell Haakedal i e-post datert 01.03.2021. Haakedal opplyste å ha gitt merknader på vegne av en gruppe personar.

Haakedal har ein fritidsbustad i Solund kommune, og merknadene som ble sendt til Alver kommune var kopi av merknadene som han gav til Solund. Fleire av merknadane er forhold som er tatt opp i ei klagesak med Solund kommune, noko som betyr at delar av merknaden rettar seg mot forhold som ikkje gjeld sjølve forskrifta.

Innhald i merknadane og administrasjonen si vurdering går fram under.

### **2.1 Merknader til § 3 – Delegering**

- Det finns ikkje vedtak om delegering av konkrete oppgåver er delegert til NGIR.
- Pliktoppgåver i forureiningslova kan ikkje overførast til NGIR.
- Myndigheit til å delegere forskrifter kan ikkje bli delegert til NGIR.
- Det må gå klart fram av forskrifta kva saker NGIR kan treffe enkeltvedtak i og kva særlege grunnar som skal gjelde enkeltvedtak.

#### Kommentar:

Kommunen sitt delegeringsreglement er ingen føresetnad for at delegeringa er gyldig. Dersom det er vedtatt å delegere mynde til nokon, vil ikkje delegeringa miste sin verknad som følgje av at det ikkje er nemnd i kommunen sitt delegeringsreglement.

Det må skiljast mellom det forholdet at NGIR utfører oppgåver som ligger til kommunane etter forureiningslova og delegering av mynde (vedtakskompetanse). NGIR utfører i stor grad oppgåver som ligg til kommunane som formelt sett ikkje nødvendigvis er utøving av myndigheit. I alle tilfelle stenger ikkje forureiningslova for at NGIR kan få delegert mynde til å utføre dei oppgåvene som kommunen har ansvar for, med mindre dette går særskilt fram.

Å organisere det kommunale renovasjonstilbodet gjennom eit samarbeid i et interkommunalt selskap, er ein vanleg måte å organisere samarbeidet. .

Det er ikkje heimel i forureiningslova til at NGIR kan vedta forskrifter, men forskrifta vert lagt fram for vedtak i den enkelte kommune.

### **4.2 Merknader til § 5 – Tvungen renovasjon**

- Kommunen kan ved forskrift velge at den kommunale innsamlinga berre skal gjelde for tettbygde strøk.
- Det må blir klart kven som skal handsame søknadar om fritak.
- Det er unødvendig å innlemme einerett i forskrifta.
- NGIR kan ikkje avgjere kva som er hushaldningsavfall.

#### Kommentar frå administrasjonen:

Forskrifta som har vore på høyring skal gjelde for samlege deltakarkommunar i NGIR, og skal angi dei forhold som skal gjelde likt i alle kommunane. Forskrifta er ikkje retta mot å vurdere særskilte omstende i den enkelte kommune.

Alver kommune har, på same måte som de andre deltakarkommunane i NGIR, høve til å vedta ei eiga forskrift som omhandlar ei eventuell avgrensing av kva områder renovasjonsordninga skal gjelde for, jf. forureiningslova § 30, 2. ledd.

Kven som skal treffe vedtak i saker der det vert søkt om fritak/dispensasjon frå renovasjonsordninga/renovasjonsgebyret bør ikkje vedtakast i forskrifta. Dette som følge av at det vil avgrense handlingsrommet for kommunane med omsyn til å delegera slik mynde til NGIR, og eventuelt oppheve delegasjonen slik at kommunen sjølv gjer eit slikt vedtak.

Einerett er tatt inn i forskrifta for at NGIR sin posisjon skal være klar og tydeleg forankra hjå deltakarkommunane. Dersom det på eit seinare tidspunkt blir aktuelt at eit anna renovasjonsføretak skal overta, vil det føre til endring i forskrifta.

Når det gjelder kva som er hushaldningsavfall, er det definert i forureiningslova § 27, og i avfallsforskrifta.

### **4.3 Merknader til § 6 – NGIR sine pliktar og ansvar for renovasjonen**

- «NGIR» må bli endra til «Renovasjonsselskapet»
- Retningslinjer og rettleiarar til forskrifta må bli utarbeida og vedtatt av kommunen.
- Et interkommunalt selskap kan ikkje endre på renovasjonsordninga.
- Plan for innsamling av hushaldningsavfall må sendast på høyring.
- Det må gå fram kva reduksjon i gebyr pålegg om bruk av fellesbeholdarar mv. fører til.

#### Kommentarar frå administrasjonen:

NGIR har vore eit felles renovasjonsselskap for ei rekkje kommunar i fleire tiår. Forkortelsen av namnet er godt innarbeida og kjent blant innbyggjarane i kommunane.

NGIR er heller ikkje berre ein oppdragstakar etter anbod, men kommunane sitt eige renovasjonsselskap. Det betyr at dersom NGIR på eit framtidig tidspunkt ikkje lenger skal ha ansvar for renovasjon, vil det uansett føre til at forskrifta må endrast.

Kommunane kan gjennom forskrifta gi NGIR høve til å gi rettleiarar og retningslinjer.

Når det gjelder endring av renovasjonsordninga, er dette noko som NGIR allereie kan gjere etter gjeldande forskrift. Forskrifta vidarefører eksisterande tilstand på dette punkt.

Føremålet med eit interkommunalt renovasjonsselskap er mellom anna for å sikre heilskaplege løysingar på tvers av kommunegrensene.

NGIR er uansett bunden av reglane i forureiningslova og forureiningsforskrifta, og endringar i renovasjonsordninga må være i samsvar med lov og forskrift.

Kommunane vedtar gebyrsatsane årleg i eige vedtak (forskrift), og denne forskrifta omfattar ikkje dette.

### **4.4 Merknader til § 7 – Generelle pliktar**

- «Avfallsbesitter har ingen plikt til å bruke NGIR sin renovasjonsordning.»
- «Abonnenter kan ikke være økonomisk ansvarlig overfor både NGIR og kommunen.»
- «Det er ikke opp til NGIR å bestemme sortering av avfall.»
- «Det bør være tilstrekkelig å informere om endringer per telefon.»

Kommentar fra administrasjonen:

Det som går fram av § 7 i forskrifta er kun vidareføring av eksisterande forskrift per i dag.

Ein abonnent blir ikkje økonomisk ansvarleg ovanfor både kommunen og NGIR for det same forholdet. Bestemmelsen tar høgde for at det kan oppstå situasjonar der det enten er NGIR eller kommunen som kan fremje eit økonomisk krav, og derfor er både NGIR og kommunen nemnd.

Kommunane har adgang til å bestemme at det skal være kilde sortering av avfall. Dette blir gjennom forskrifta lagt til NGIR.

#### **4.5 Merknader til § 10 – Krav til veg og hentestad**

- Det er kommunen som skal bestemme kor henteplassen skal vere.

Kommentar frå administrasjonen:

Det er NGIR som er nærmast til å vurdere kva som vil tilfredsstille nødvendige krav til henteplass i det konkrete tilfellet. Dette vil ofte skje i samråd med den aktuelle kommune, som følge av at henteplass kan reise plan- og bygningsrettslege spørsmål.

#### **4.6 Merknader til § 11 – Avfallsmottak**

- «NGIR kan ikke bestemme at abonnent/kunde plikter å kildesortere.»
- «Gjenvinningsstasjonene skal finansieres og driftes av kommunen.»
- «Tilbudet for levering av farlig avfall er ikke innenfor lovens ramme, da farlig avfall fra næring og fra eiendommer som er fritatt fra renovasjon ikke kan levere.»

Kommentar frå administrasjonen:

Kommunen kan gi NGIR rett til å følgje opp kjeldesortering og avgjere korleis dette skal bli gjort. Det er og ei vidareføring av dagens ordning.

Gjenvinningsstasjonane skal driftast av NGIR og bli finansiert gjennom renovasjonsgebyr (for det som gjeld hushaldningsavfall) og inntekter frå mottak av næringsavfall (for det som ikkje kan bli finansiert av renovasjonsgebyret). En viktig årsak til at kommunane i NGIR samarbeider om renovasjon, er at det vil bli meir kostbart dersom kvar enkelt kommune skal drifta det sjølv.

Næringsdrivande har eit ansvar for at avfall blir handtert forsvarleg, som i hovudsak betyr at det vert nytta ulike avfallsmottak.

#### **4.7 Merknader til § 12 – Planarbeid**

- Meiner bestemmelsen ikkje høyrer heime i forskrifta.

Kommentar frå administrasjonen:

Utviklinga innanfor nye renovasjonsløysingar (for eksempel nedgravne løysingar) endrar seg i takt med utviklinga. I plan og byggesaker er det vanleg at saker som gjeld renovasjonstekniske forhold vert sendt til uttale til NGIR.

#### **4.8 Merknader til § 13 – Renovasjonsgebyr**

- «Det er kommunen som skal fastsette avfallsgebyret.
- Det er kommunen som kan differensiere gebyrene, ikke NGIR. «

#### Kommentar frå administrasjonen:

Forskrifta gir uttrykk for at det er kommunen sjølv som kan vedta renovasjonsgebyret/differensiering av gebyr.

De andre forholda som kjem fram i merknaden, er ikkje forhold som er regulert i forskrifta, men som kommunane eventuelt må vedta til renovasjonsgebyra.

#### **4.9 Merknader til § 16 – Dispensasjon**

- «NGIR kan bare gi dispensasjon i saker som gjelder praktisk håndtering av avfallet – det som påvirker gebyret er det kommunen som skal bestemme.
- NGIR og kommunen må informere abonnenten dersom grunnlaget for dispensasjonen endres.»

#### Kommentar frå administrasjonen:

Bestemmelsen er ei vidareføring av dagens ordning.

#### **4.10 Merknader til § 17 – Kontroll**

- NGIR har ikkje mandat til kontroll og gransking.

#### Kommentar:

Føremålet med bestemmelsen er å gje ein klar heimel for NGIR til å gjennomføre kontroll og gransking innanfor eit avgrensa område.